

Olje- og energidepartementet

**PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR
FORSLAG TIL INNDELING AV DEI OPNA OMRÅDA I
UTLYSINGSOMRÅDE FOR FORNYBAR ENERGIPRODUKSJON TIL
HAVS**

Pelagisk Forening viser til høyringsnotat av 9.2.22.

Pelagisk Forening er ein interesseorganisasjon for fiskebåtreiarlag. De kan lesa meir på www.pelagisk.net

Pelagisk Forening er ikkje generelt imot vindturbinar til havs. Pelagisk Forening er likevel i mot all plassering av vindturbinar i områda «Sørlege Nordsjø II», og «Utsira Nord». Dette fordi skadeverknadane, for fiskerinæringa, vil bli for store.

I høyringsnotatet står det at «Sørlige Nordsjø II overlappar med gytefelt for tobis både i nord-aust og eit mindre område i vest. Tobis er ein fisk med særleg viktig funksjon i økosystemet i Nordsjøen. Departementet vil difor ikkje legge utlysingsområde i gytefelta for tobis.»

Pelagisk Forening er nøgde med at det ikkje skal byggast vindturbinar i tobisfelt.

Det må sikrast at det ikkje blir utbygging på tobisfelt. Pelagisk Forening foreslår difor at feltet «Sørlege Nordsjø II» blir flytta vest for området Inner Shoal. Dette området er grunnare, og eventuell utbygging vil difor mest truleg bli vesentleg rimelegare i det område.

Uavhengig av plassering må det vera seglingeier/korridorar gjennom større felt. Dette for at fiskefartøy, og andre fartøy, skal sleppa tidkrevjande, fordyrande og forureinande seglingar rundt vindturbinfelta. Ei seglingslei må ikkje føra til utviding av areal til vindturbinar.

Dei siste åra har overgang til pelagisk trål gjort at områda, der det tradisjonelt har blitt drive tobisfiske, har blitt utvida. Dette må det takast omsyn til. Det må òg takast omsyn til at tobistrålarane treng 2-3 nautiske mil for å snu med trål ute.

Dersom ein går sør om Sørlege Nordsjø II vil ein kome inn i dansk sone. Det kan medføra rapporteringskrav, noko ein ønskjer å unngå. Det kan heller ikkje utelukkast at Danmark bygger vindturbinar i si sona, heilt opp til norsk sona. I så fall vil det bli lang seglingveg rundt vindturbinane.

Det må stillast krav om at utbyggjarane stiller økonomiske garantiar for at utrangerte anlegg blir fjerna, og det må lagast samt beredskapsplanar i høve forureining, og redning innanfor vindturbinområda.

Pelagisk Forening meiner at konsekvensane for fiskerinæringa, og dei biologiske konsekvensane for livet i havet, må utgreiast grundig før utbygging. Fiskeria endrar seg, og det er difor viktig at fiskerinæringa har areal når fiskeria endrar seg.

Som nemnt meiner Pelagisk Forening at det ikkje skal byggast vindturbinar i området «Sørlege Nordsjø II». Av dei tre foreslåtte «underområde» meiner Pelagisk Forening at det er viktigast at det ikkje blir utbygging på området som i høyringsnotatet er kalt «Felt Nord-vest».

Bergen: 4.5.22

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar